



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

VEDTEKTER



Siste endringer vedtatt Landsmøtet 2023

DEL I: VEDTEKTER FOR NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

§1 FORMÅL

- §1.1 Norsk Bonde- og Småbrukarlag er ein fagleg og næringspolitisk organisasjon, som har til føremål å fremje dei faglege, kulturelle, sosiale og økonomiske interessene til folk i jordbruket.
- §1.2 Organisasjonen skal på alle område arbeide for å skape gode og jamstelte vilkår for alle i jordbruket, og skal vere aktivt med på oppgåver som fremjar utvikling og trivsel i lokalsamfunnet.
- §1.3 Norsk Bonde- og Småbrukarlag er partipolitisk nøytralt og ubunde.

§2 MEDLEMMAR

- §2.1 Alle som deler organisasjonen sine mål og verdisyn kan vere medlemmar i organisasjonen. For å være valgbar til tillitsverv i organisasjonen, må ein ha vore medlem i minimum 3 veker og ha betalt kontingent.

§3 ORGANISASJONSFORM

- §3.1 Organisasjonen byggjer på lokale lag og fylkeslag som er sjølvstendige juridiske einingar. Er det to eller fleire lag i ein kommune, kan det veljast eit felles styre for desse.
- §3.2 Lokallag og fylkeslag kan ikkje utan løyve frå landslaget vere tilslutta nokon annan organisasjon som arbeider i strid med føremålsparagrafen til Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
- §3.3 Fylkeslag kan organisere og leggje opp organisasjonsarbeidet i nærare fastsette distrikt i fylket om dei finn det tenleg. Vedtak som blir fatta av slike distriktsorganisasjonar skal godkjennast og følgjast opp vidare.
- §3.4 Det er høve til å stå som direkte innmelde medlemmar i landslaget eller fylkeslaga.
- §3.5 Norsk Bonde- og Småbrukarlag hefter ikkje for dei økonomiske og organisasjons-messige vedtaka og disposisjonane som fylkes- og lokallaga gjer utover dei fullmaktene som er gjevne i desse vedtektene, og utover vedtak som er gjorde i samsvar med vedtektene.

§4 ARBEIDSFORMER

- §4.1 Fylkeslag og lokallag skal handsame alle saker som blir sende til uttale frå landslaget innan dei tidsfristane som blir sette.

§4.2 Vedtak og fråsegner i fylkeslag og lokallag skal sendast landslaget til orientering.

§5 LANDSMØTET

§5.1 Landsmøtet har den høgaste avgjerdsmakta i organisasjonen.
Det skal haldast ordinært landsmøte kvart år.

§5.2 Landsmøtet skal gjerast kjent minst tre månader før det skal haldast. Innkallinga til landsmøtet skal saman med saklista sendast til utsendingane og representantskapet seinast to veker før møtet.

§5.3 Lokallag har rett til å velje utsendingar til landsmøtet etter denne tabellen:

Tal medlemmar	Tal utsendingar totalt
1-50	1
51-100	2
101-150	3
151-200	4
Osv	osv

§5.4 Utsendingane må vera medlemmar i lokallaget. og må ha betalt kontingent for inneverande år. I tillegg har kvart fylkeslag rett til å stille med ein eigen fylkesutsending som må være under 35 år.

§5.5 Lokal- og fylkeslag er ansvarleg for reise- og møtekostnadene til sine utsendingar.

§5.6 Røysterett på landsmøtet har berre dei valde utsendingane frå lokallaga og ungdomsrepresentantane frå fylkeslaga.

§5.7 Representantskapet, styret, kvinneutvalet, ungdomsutvalet og internasjonalt utval har tale- og forslagsrett. Leiar av valnemnda har tale- og forslagsrett i samband med gjennomføringa av valet. I høve der valnemnda legg fram delt innstilling til val på landsmøtevalde verv i organisasjonen, skal representantar for alle grupperingar i valnemnda bli gitt tale- og forslagsrett.

§5.8 Alle medlemmer i Norsk Bonde- og Småbrukarlag har rett til å følgje drøftingane på landsmøtet. Sekretariatet skal legge til rette for at landsmøtet kan følgast på internett.

§5.9 Ordinært landsmøte skal ta føre seg desse sakene:

- A Årsmelding.
- B Framlegg til endringar av vedtektene og prinsippprogrammet. Slike framlegg må vere innkomne til landslaget minst to månader før møtet.
- C Interpellasjonar, framlegg til vedtak frå fylkeslag, lokallag og landsmøtevalde utval, og forslag til arbeidsprogram. Slike framlegg må vere innkomne til landslaget seinast ein måned før møtet.

- D Val av leiar, seks styremedlemmer, av desse to nestleiarar, og fem vararepresentantar i nummerert rekkefølge. Leiar blir valt for eitt år. Styremedlemmene blir valde for to år. To nestleiarar blir valde for eitt år blant dei valde styremedlemmene. Val av leiar skal skje skrifteleg.
- E Val av ordførar og varaordførar i representantskapet.
- F Eventuelle endringar av medlemskontingentsystem
- G Val av tre personar til kvinneutval i tillegg til ein frå styret, samt leiar i utvalet. Leiar i utvalet vert valt for eitt år om gongen. Begge kjønn skal vere representerte i utvalet. Ulike delar av landet samt ulike produksjonar bør være representert så langt det er mogleg. Landsstyret peikar ut ein kontaktperson frå styret som har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet. Funksjonstida er to år.
- H Val av leiar og fire medlemmar til ungdomsutval. I tillegg peikar styret ut éin frå styret. Leiar i utvalet vert valt for eitt år medan medlemmene vert valde for to år. Begge kjønn skal være representerte i utvalet.
- I Val av leiar og fire medlemmar til internasjonalt utval. I tillegg peikar styret ut éin frå styret. Leiar i utvalet vert valt for eitt år medan medlemmene vert valde for to år. Begge kjønn skal være representerte i utvalet.
- J Val av valnemnd, etter innstilling frå fylkesleiarane.

- §5.10 Budsjett og rekneskap vert lagt fram til orientering for landsmøtet.
- §5.11 Omframnt landsmøte kan haldast når det er varsla minst to månader på førehand og når landsstyret, eller representantskapet, eller 1/5 av lokallaga eller halvparten av fylkeslaga krev det.
- §5.12 Landsmøtet blir leia av ordførar og varaordførar i representantskapet.
- §5.13 Landsmøtet tek avgjerdene sine ved fleirtalsvedtak. Står stemmetalet likt, blir saka teken opp til ny avstemming. Står stemmetalet framleis likt, blir avstemminga avgjort ved loddtrekking.
- §5.14 Landsmøtet vel to møtesekretærar, fullmaktsnemnd, reisefordelingsnemnd og redaksjonsnemnd. Redaksjonsnemnda har fem medlemmar, av desse minst eitt medlem under 35 år.
- §5.15 Landsmøteprotokollen skal underskrivast av ordførar og to utsendingar valde av landsmøtet.

§6 REPRESENTANTSKAPET

- §6.1 Representantskapet er rådgjevande organ for styret og landsmøtet, og gjer vedtak i saker som det er tillagt etter desse vedtektene.
- §6.2 Representantskapet har møte minst ein gong i året, og elles så ofte som landsstyret eller ordføraren finn det nødvendig.
- §6.3 Representantskapet er sett saman av ordførar og varaordførar valde av landsmøtet (jfr. § 5E) og eit medlem frå kvart fylkeslag. Fylkeslag med 1.000 medlemmer eller meir har rett

til å velje ein representant i tillegg. Ingen fylkeslag har rett til meir enn to representantar. Stemmerett i representantskapet har berre representantskapet sine medlemmer.

- §6.4 Medlemmane i styret, kvinneutvalet, ungdomsutvalet, internasjonalt utval, fire representantar oppnemnt av Norsk Landbrukssamvirke samt ein representant oppnemnt av Norsk Sau og Geit møter i representantskapet med tale- og forslagsrett.
- §6.5 Fylkessekretærar har møte- og talerett i representantskapet. Generalsekretær har møteplikt, tale- og forslagsrett i representantskapet.
- §6.6 Representantskapet blir leia av ordførarane.
- §6.7 Representantskapet tek avgjerdene sine ved fleirtalsvedtak. Når røystetala står likt, er det røysta til ordføraren som avgjer.
- §6.8 Representantskapet skal legge prinsippprogrammet og endringar av dette fram for landsmøtet. Det same gjeld forslag til vedtektsendringar. Det skal også godkjenne den reviderte rekneskapen og vedta budsjettframlegg.
- §6.9 Medlemmene i representantskapet får møtegodtgjersle.

§7 STYRET

- §7.1 Styret leier verksemda i organisasjonen og står ansvarleg overfor representantskapet og landsmøtet.
- §7.2 Styret er sett saman av sju medlemmer, av desse leiar og to nestleiarar. Styret skal ha minst to medlemmar av kvart kjønn. Ulike delar av landet samt ulike produksjonar bør være representerte så langt det er mogleg.
- §7.3 I tillegg til de faste styremedlemmene har laget fem varamedlemmer. Et varamedlem er et styremedlem som kun trer inni styret når et av styremedlemmene ikke har anledning til å delta, eller er inhabil. Når varamedlemmet deltar i styrearbeid er det med tilsvarende rolle, ansvar og rettigheter som øvrige styremedlemmer. Varamedlemmer skal motta alle dokumenter. Første varamedlem har møteplikt i styremøter og mottar reise- og møtegodtgjørelse. De andre varamedlemmene gis mulighet til å delta på styremøtene via Teams.
- §7.4 Landsstyremedlemmer eller deres varaer kan ikke ansettes i organisasjonens landsdekkende stillinger.
- §7.5 Ordføraren i representantskapet møter fast i styret med tale- og forslagsrett.
- §7.6 Styremedlemmar og ordførar i representantskapet får reise- og møtegodtgjersle. Styreleiar og nestleiarar får i tillegg godtgjersle knytt til vervet. Styreleiar får dekkja nødvendige kostnader til reise og opphald i Oslo.
- §7.7 Leiaren kallar inn til styremøte. Det vert også halde styremøte når eit fleirtal i styret gjer krav om det.

- §7.8 Styret er vedtaksført når minst fire av styremedlemmene er til stades. Styret tek avgjerdene sine ved fleirtalsvedtak. Når røystetalet står likt, gjer røysta til leiar eller leiar sin vara utslaget.
- §7.9 Leier er talsperson for Norsk Bonde- og Småbrukarlag, og leier det politiske og organisatoriske arbeidet i organisasjonen. Politisk nestleiar er vara for leiar om leiar er forhindra.
- §7.10 Styret vel eit forhandlingsutval for organisasjonen ved jordbruksforhandlingane. Utvalet skal bestå av tre personar og to vara. Begge kjønn skal vere representerte i forhandlingsutvalet.
- §7.11 Styret skal:
- A Leie organisasjonen etter desse vedtektene og etter dei linene landsmøtet dreg opp, samt fastsetje mål og strategiar.
 - B Ta opp saker som fremjar føremålet til organisasjonen.
 - C Førebu alle saker for landsmøtet og representantskapet.
 - D Tilsetje det personalet som trengst i landslaget.
 - E Føre tilsyn med arbeidet i dei ulike delane av organisasjonen og fastsetje dei instruksane som trengst.
 - F Til utgreiing av særskilde saker kan styret setje ned utval som arbeider under leiing av styret.
 - G Styret kan overføre fullmakter til generalsekretæren til generalsekretæren
- §7.12 Representantskapsmedlemmar, fylkessekretærar, lokallagsleiarar og utvalsleiarar skal få tilsendt alle styreprotokollane.

§8 FYLKESLEIARMØTER

- §8.1 Fylkesleiarmøter er eit rådgjevande organ for styret.
- §8.2 Fysisk fylkesleiarmøte vert halde minst to gongar i året, vår og haust. Digitale møte kan nyttast som eit supplement til dei fysiske om ein treng det.
- §8.3 Fylkeslederkollegiet innstiller til landsmøtets valg av valgnemnd, jf. §5.9 I og §9 om valgnemnd.
- §8.4 Ordføraren i representantskapet kallar inn, og set sakliste for møtet i samråd med styreleiarane. Det skal òg haldast fylkesleiarmøte dersom 1/3 av fylkesleiarane krev det. Sakliste skal då setjast opp i samråd med fylkesleiarane.
- §8.5 Ordføraren leier fylkesleiarmøta. Ordførar og varaordførar har tale- og forslagsrett.
- §8.6 Medlemmene i styret, kvinneutvalet, ungdomsutvalet og internasjonalt utval har møte-, tale- og forslagsrett. Fylkessekretærar har møte- og talerett.
- §8.7 Fylkesleiarane får reise- og møtegodtgjersle.

§9 VALNEMND

§9.1 Valnemnda i Norsk Bonde- og Småbrukarlag skal ha sju medlemmer valde av landsmøtet. Leiar for nemnda blir valt for eitt år, medlemmene vert valde for to år. For medlemmane utanom leiaren vel landsmøtet personlege varamedlemmar. Ein av medlemmane i valnemnda skal veljast som nestleiar.

§9.2 De seks medlemmene med vara representerer hver sin valgregion iht. tabellen nedenfor.

Region	Fylkeslag
Oslofjorden/Østlandet	Oslo og Akershus BS, Østfold BS, Vestfold BS, Hedmark BS
Indre Østland (Oppland)	Oppland BS
Sør-Norge	Buskerud BS, Telemark BS, Aust-Agder BS, Vest-Agder BS
Vestlandet	Rogaland BS, Hordaland BS, Sogn og Fjordane BS
Midt-Norge	Møre og Romsdal BS, Sør-Trøndelag BS, Nord-Trøndelag BS
Nord-Norge	Nordland BS, Troms BS, Finnmark BS

§9.3 Tre av regionene har sine representanter på valg det ene året, de andre tre det neste året. Leder velges uavhengig av regioninndelingen. Nestleder velges blant de seks valgte representantene.

§9.4 Fylkeslederkollegiet legger fram forslag på medlemmer til valgnemnda, inklusive forslag på leder og nestleder, for landsmøtet.

§9.5 Ingen kan velges inn i valgkomiteen i mer enn 2 perioder.

§9.6 Styremedlemmer og medlemmer av landsmøtevalgte organer kan ikke være medlem av valgkomiteen. Dersom et medlem av valgkomiteen stiller seg til disposisjon for et landsmøtevalgt verv, trer dette medlemmet ut av valgkomiteen og varamedlemmet overtar som medlem i komiteen. Landsmøtet foretar suppleringsvalg.

§9.7 Ved behov for ny nestleder og/eller regionrepresentant i løpet av valgperioden, har fylkeslederkollegiet fullmakt til å foreta valg av disse. Ny nestleder velges blant nemndas faste medlemmer. Suppleringsvalg av regionrepresentant gjøres etter innstilling fra regionen.

§10 MEDLEMSKONTINGENT

§10.1 Landsmøtet fastset kontingentsystem og kontingent som skal betalast av medlemmar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Medlemmer som står til rest med kontingentoppgjjer for meir enn to år, vert meldt ut av medlemsregisteret.

§10.2 Styret gjer framlegg for representantskapet om kor stor del av kontingenten som skal gå til lokallag og fylkeslag.

§11 ÆRESMEDLEMMER

§11.1 Enkeltpersonar som har gjort ein særleg stor innsats for organisasjonen, kan utnemnast som æresmedlemmar. Utnemninga blir gjort av representantskapet etter innstilling frå styret, og går føre seg på landsmøtet.

§12 VEDTEKTSENDRINGAR

§12.1 For at landsmøtet skal kunne vedta framlegg til endring av vedtektene, må framlegga gjerast kjende for dei enkelte laga minst ein måned før landsmøtet. Endringar krev 2/3 fleirtal og kan berre gjerast på ordinært landsmøte.

§13 OPPLØYSING

§13.1 Oppløysing av organisasjonen kan berre vedtakast på 2 påfølgande ordinære landsmøte med 3/4 fleirtal av dei frammøtte utsendingane. Oppløysing trer i kraft etter landsmøtevedtak. Styret har ansvar for avvikling i samsvar med gjeldande avtaler, vedtekter og regelverk.

§13.2 Landsmøtet avgjer korleis resterande midlar skal nyttast.

DEL II: MØNSTERVEDTEKTER FOR LOKALLAG AV NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Dette er mønstervedtekter som må vedtakast av årsmøtet i lokallaget for å vere gyldig.

Lokallag kan tilpasse mønstervedtekter til lokale tilhøve. Endringar som bryt med intensjonane i vedtektene til Norsk Bonde- og Småbrukarlag, må godkjennast av styret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

§ 1 NAMN PÅ LOKALLAGET

.....Bonde- og Småbrukarlag er eit lag. Lagsmedlemmene er tilslutta Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Lagsmedlemmene har ikkje sjølvstendig ansvar for forpliktingane i laget.

Desse vedtektene er vedtekne på årsmøtet i laget.....

§ 2 FØREMÅL

§2.1 Laget er ein fagleg og næringspolitisk organisasjon, som har til formål å fremje faglege, kulturelle, sosiale og økonomiske interesser for folk i jordbruket.

§ 3 MEDLEMSKAP

§3.1 Alle som deler laget sitt føremål og interesser kan bli medlemmer.

§ 4 ÅRSMØTET I LOKALE LAG

§4.1 Årsmøtet har den høgaste avgjerdsmakta i lokallaget.

§4.2 Ordinært årsmøte skal haldast kvart år og gjerast kjent minst to veker på førehand.

§4.3 Ordinært årsmøte skal ta føre seg desse sakene:

- A Årsmeldinga og rekneskapen frå styret.
- B Arbeidsplan og budsjett for komande årsmøteperiode.
- C Framlegg frå medlemmene. Slike framlegg må vere komne til styret seinast ei veke før årsmøtet.
- D Val av leiar, minst to styremedlemmer og to varamedlemmar. Leiaren blir vald for eitt år, og styremedlemmene for to år (første gongen går halvparten ut etter loddtrekking).
- E Val av representantar til eventuelt fellesstyre for lokallag i regionen.
- F Val av to revisorar.
- G Val av utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget.
- H Val av personar til interne utval.
- I Val av tre personar til valnemnd. Val av leiar for eitt år. Val av to medlemmar, den eine for to år og den andre for tre år.

§4.4 Alle medlemmane i laget har røysterett.

§4.5 Årsmøtet blir leidd av ein dirigent valt av årsmøtet.

- §4.6 Årsmøtet tek avgjerdene ved fleirtalsvedtak. Står røystetalet likt, gjer røysta til dirigenten utslaget. Når røystetala er like ved val, blir valet avgjort ved loddtrekking.
- §4.7 Møteprotokollen skal underskrivast av møtedirigent og minst to årsmøtevalde deltakarar.
- §4.8 Det skal innkallast til omframtr årsmøte når styret eller 1/4 av medlemmene i laget eller styret i fylkeslaget krev det.
- §4.9 Utskrift av protokoll frå årsmøtet skal sendast til fylkeslaget.

§ 5 STYRET I LOKALLAGET

- §5.1 Styret leier arbeidet i lokallaget og står ansvarleg overfor årsmøtet.
- §5.2 Styret er samansett av leiar og minst to styremedlemmer valde på årsmøtet. Styret skal vere samansett av både kvinner og menn.
- §5.3 Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmane er til stades.
- §5.4 Styret skal:
- A Velje nestleiar, kasserar, sekretær og studieleiar innan styret.
 - B Leie verksemda i laget i samsvar med vedtektene og retningslinene i organisasjonen.
 - C Ta opp saker som fremjar føremålet til organisasjonen.
 - D Handsame saker som fylkeslaget og landslaget sender til uttale innanfor dei tidsfristane som blir sette.
 - E Oppnemne personar til å representere laget.
 - F I alle saker som gjeld lokale tilhøve i heile kommunen, skal styret søkje samarbeid med eventuelle andre lokallag av Norsk Bonde- og Småbrukarlag i kommunen (eventuelt gjennom eit felles styre).
 - G Innkalle valnemnda til siste styremøte før årsmøtet for å diskutere framlegg av innstilling til nytt styre.
- §5.5 Utskrift av protokollen frå styremøta skal sendast fylkeslaget.

§ 6 VEDTEKTSENDRINGAR

- §6.1 For at lokallag skal kunne vedta framlegg til endring av vedtektene, må framlegga gjerast kjende for medlemmene minst ein månad før lokallagsårsmøtet. Endringar krev 2/3 fleirtal og kan berre gjerast på årsmøtet.

§ 7 OPPLØYSING AV LOKALLAG

- §7.1 Oppløysing av lokallaget kan berre vedtakast på ordinært årsmøte med ¾ fleirtal av dei frammmøtte utsendingane. Fylkeslaget kan vedta oppløysing av medlemslause lokallag på det ordinære årsmøtet sitt. Midla til oppløyse lag skal delast likt mellom fylkeslaget og landslaget.

DEL III: MØNSTERVEDTEKTER FOR FYLKESLAG AV NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Dette er mønstervedtekter som må vedtakast av årsmøtet i fylkeslaget for å vere gyldig.

Fylkeslag kan tilpasse mønstervedtektene til lokale tilhøve. Endringar som bryt med intensjonane i vedtektene til Norsk Bonde- og Småbrukarlag må godkjennast av styret i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

§ 1 NAMN PÅ FYLKESLAGET

.....Bonde- og Småbrukarlag er eit lag.

Lagsmedlemmene er tilslutta Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Lagsmedlemmene har ikkje sjølvstendig ansvar for forpliktingane i laget. Desse vedtektene er vedtekne på årsmøtet i laget.....

§ 2 FORMÅL

§2.1 Laget er ein fagleg og næringspolitisk organisasjon, som har til føremål å fremje dei faglege, kulturelle, sosiale og økonomiske interessene til folk i jordbruket.

§ 3 MEDLEMSKAP

§3.1 Alle som deler laget sitt føremål og interesser kan bli medlem.

§ 4 ÅRSMØTE I FYLKESLAG

§4.1 Årsmøtet har den høgaste avgjerdsmakta i fylkeslaget.

§4.2 Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april og gjerast kjent minst seks veker før.

§4.3 Innkalling til årsmøtet med sakliste skal sendast utsendingane og Norsk Bonde- og Småbrukarlag seinast to veker før møtet.

§4.4 Alle lokallag har rett til å sende utsendinger til fylkesårsmøtet etter denne tabellen:

Tal medlemmar	Tal utsendingar totalt
1-25	3
26-50	4
51-75	5
76-100	6
osv	osv

- §4.5 Det er berre dei valde utsendingane som har røysterett på årsmøtet. Fylkesstyret og representantar frå landslaget har talerett.
- §4.6 Alle medlemmane i laga i fylket har rett til å følge årsmøtet.
- §4.7 Ordinært årsmøte skal ta føre seg desse sakene:
- A Årsmelding og rekneskap frå styret.
 - B Arbeidsplan og budsjett for komande arbeidsår.
 - C Framlegg frå lokallaga. Slike framlegg må fylkesstyret ha seinast ein månad før møtet.
 - D Val av leiar, fire styremedlemmer og tre varamedlemmer. Leiaren blir valt for eitt år og styremedlemmene for to år (første gongen går to ut etter loddrekking).
 - E Val av to revisorar.
 - F Val av medlemmar til representantskapet i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.
 - G Val av personar til interne utval.
 - H Val av valnemnd. Nemnda består av tre medlemmar som kvar blir valt for 3 år, slik at eitt medlem blir skifta ut kvart år (første gong blir funksjonstida avgjort ved loddrekking).
- §4.8 Årsmøtet blir leia av ein dirigent valt av årsmøtet.
- §4.9 Årsmøtet tek avgjerdene sine ved fleirtalsvedtak. Står røystetalet likt, gjer røysta til dirigenten utslaget. Når røystetala er like ved val, blir valet avgjort ved loddrekking.
- §4.10 Møteprotokollen skal underskrivast av møtedirigenten og minst to årsmøtevalde utsendingar.
- §4.11 Det skal kallast inn til omframt årsmøte når styret eller halvparten av lokallaga eller styret i landslaget krev det.
- §4.12 Utskrift av protokollen frå årsmøtet skal sendast landslaget og lokallaga i fylket.

§ 5 STYRET I FYLKESLAGET

- §5.1 Styret leier arbeidet i fylkeslaget og står ansvarleg overfor årsmøtet.
- §5.2 Styret er samansett av leiar og fire styremedlemmer valde av årsmøtet. Styret skal vere samansett av både kvinner og menn.
- §5.3 Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemmene er til stades.
- §5.4 Styret skal:
- A Velje nestleiar, kasserar, sekretær og studieleiar innan styret.
 - B Leie arbeidet i fylkeslaget i samsvar med dei vedtektene og retningslinene som gjeld i organisasjonen.
 - C Ta opp saker som fremjar føremålet til organisasjonen.
 - D Handsame saker som landslaget sender til uttale innafor dei tidsfristane som blir sette.

E Oppnemne personar til å representera laget.

§5.5 Styret skal ha minst fire møte i året.

§5.6 Utskrift av protokollen frå styremøta skal sendast landslaget og lokallaga i fylket.

§ 6 VEDTEKTSENDRINGAR

§6.1 For at fylkesårsmøtet skal kunne vedta framlegg til endring av vedtektene, må framlegga gjerast kjende for lokallaga/medlemmene minst ein månad før fylkesårsmøtet. Endringar krev 2/3 fleirtal og kan berre gjerast på ordinært årsmøte.

§ 7 OPPLØYSING

§7.1 Oppløysing av fylkeslaget kan berre vedtakast på ordinært årsmøte med $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei frammøtte utsendingane. Midlar laget har, skal overførast til landslaget